



# Radøy kommune

Felles landbrukskontor for Fedje, Austrheim  
Radøy

Jostein Tjore  
Litlevika 59  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/739 - 14/2536

Saksbehandlar:  
Øyvind Hatleli  
oyvind.hatleli@radoy.kommune.no

Dato:  
18.03.2014

## Søknad om konsesjon gnr/bnr 73/17

Delegasjonssak nr.:

### Saksutgreiing:

Jostein Tjore søker konsesjon for gnr/bnr 73/17 i Radøy kommune. Eigedomen er på 29,9 daa, der 19 daa er skog, 4,5 daa er innmarksbeite og 6 daa er skrin fastmark. Avtala kjøpesum for teigen er 55 000 kr. Søklar eig gardsbruk gnr/bnr 73/3 i Radøy kommune og teigen skal nyttast som tilleggsareal til dette bruket. Teigen skal ryddast for skog og nyttast til beiteareal.

Søknad om konsesjon skal handsamast etter *Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom*, LOV 2003-11-28 nr 98. Det skal leggjast særleg vekt på fem punkt ved handsaming av konsesjon, jf § 9.

#### *Om den avtala prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling*

Den avtala prisen er innanfor det som kan akseptrast for kjøp av landbruksareal. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

#### *Om ervervar sitt formål vil ivareta omsynet til busetjinga i området*

Formålet med kjøpet er å nytte teigen til beite. Overdraginga vil syte for at arealet vert halde i drift, noko som er positivt for området. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet

#### *Om ervervet er ei driftsmessig god løysing*

Teigen grensar til kjøpars eigedom, og vil vera ei driftsmessig god løysing for garden. Det vil resultere i eit større samanhengande beiteområde. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

*Om ervervar er skikka til å drive eigedomen*

Kjøpar har drifta gnr/bnr 73/3 sidan 1994, og er skikka til å drive eigedomen. Konesjon kan gjevast etter dette punktet.

*Om ervervet ivareteke omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet*

Kjøpet vil gje eit betre kulturlandskap av di teigen vil bli drifta att, og det er god ressursforvaltning å nytte ubrukt areal til beiteområde. Konesjon kan gjevast etter dette punktet.

Landbrukskontoret finn at ein kan gje konesjon til Jostein Tjore for kjøp av eigedom gnr/bnr 73/17 i Radøy kommune. Vilkår for konesjon er at teigen vert slått saman med gnr/bnr 73/3. Gjerdeplikta fylgjer eigedomen.

### **Vedtak**

Med heimel i *konesjonslova* §9 gjev Radøy kommune Jostein Tjore konesjon for kjøp av eigedom gnr/bnr 73/17 i Radøy kommune.

Vilkår for konesjonen er at teigen vert slått saman med gnr/bnr 73/3. Gjerdeplikta fylgjer eigedomen.

### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt spesialkonsulent Øyvind Hatleli.

Med helsing

Torill Marie Mulen  
leiar

Øyvind Hatleli  
spesialkonsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakere:**

Jostein Tjore

Litlevika 59

5914

ISDALSTØ